

# Segn og saga frå Dirdal.

Av

*Wilh. Motland.*

---

**P**Å lag inn i botnen av Høgsfjorden ligg garden Dirdal. Derifrå gjeng det ein lang og trong dal i austleg leid med høge bratte fjell på bae sidone. Det er Dirdalsdalen. Sume stader er han so trong at det snaut er plass til elvi; men av og til vidar han seg ut og gjev rom åt vene gardar og bustader. Av slike kann ein nemna Gilja som ligg i ei lun krå. Og der bur mange folk. Lenger uppe i dalen ligg Byrkjedal. Nemna kann ein og Motland, Mjåland og Østabø. Postvegen, som no er komen, er sume stader innhoggen i sjøve fjellet, andre stader gjeng han gjenom fælslege urar, stein og bratte bakkar, og på høge bruer fram og tilbars yver elvi. Fyre postvegen kom, var dalen ovanfor Gilja svert avstengd, men truleg er det likevel at folk hev butt der lange tider. Kor dei fyrste kom ifrå er det ingen som veit. Ein kann tenkja dei kom austantil. Soleis fortel gamle folk at det sku ha kome ei gjenta frå Telemark og busett seg på Mjåland. Ho heitte Siri. Kva tid ho levde veit dei ikkje. Men sjølv um dalen var avstengd, og det var lite påverknad utanfrå, so veit ein med vissa at folket både åndeleg og kulturelt stod på ei høg stoda. So langt tilbars i tidi som kring 1750 veit ein at dei kunde lesa, og ein og annan kunde skriva og. Hardføre, sterke og smånøgne var dei. Og med sterke religiøse hugmål. Kjend i so måte er den gamle Mjålandsætti som det endå lever mange av både i Dirdals- og Frafjord-dalen og andre stader. Gamle truer og segner hev det livt mykje av mann og mann i millom. Serleg innunder jolehelgi vanka der støtt allslag trollskap og styggedom. *Jolesveinane* var det gildt um ein akta seg fyre. Dei var fulle av ustykke og kunde gjera vondt både på folk og fe. Men verst



av alle var nok *Lussi*. Lussinotti er trettennotti fyre jol. Den notti er mykje lenger enn dei andre. Stuten rista seg tri gonger, og veren beit tvo gonger i bandet sitt. „Lussinotti er long'e“ segjer han. „Ho er so longe som tvo“ svarer stuten. Det var ei kona som heldt på baka jolelefsa den kvelden, og det lei ut etter fyrr ho vart ferdig. Den kvelden må ein ikkje hava noko arbeid for seg, og dei átvara kona, men ho vilde ikkje gjeva seg. Utpå kvelden vart det eit felt brak uppå toka.

Dei som var med og baka slutta. Dei skyna det var gale, men kjerringa sjølv var trassig og heldt på. Då ropa det ned gjennom pipa: Ingen bryggja, ingen baka, ingen store eldar hava i denne notti!

Kjerringi enste det ikkje, og endå ein gong ropa det. Då svara ho: Ja lussa du so du lussa vil, so vil eg lussa mi lefsa fram! Ho skulde nett leggja siste leiven på hella, då hengde Lussi rova si ned gjennom pipa og slo kjerringi på armen. So fælt var slaget at armen vart lam. Same notti tok Oskoreia ein hest og køyrde med han heile notti so han var sprengd um morgonen då dei fann han att. På Veen i Bjerkrei tok ho ein mann i Vinjareini og drog han med seg gjennom lufti. Ho kasta han ned i „Hovlandsbakkane“ og då var han mest klar'e. Mot trollskapen hjelpte det å setja kross på døri til fjøs og lœa, og det vart då gjort mange stader.

#### *Finnskot.*

Andre slag uhæma kunde og koma på både folk og fe. Finnskot var ein av det slag sjukdomar. Han synte seg i vombi på feet med oppbolning og mykje verk og var fælt vond. Folk trudde det kom seg av trollpilar eller kulor som finnane skaut inn i dyr eller folk, som Petter Dass segjer i eit av sine dikt:

Finnen indskyder i mennesker og kveg  
giftige Belsebuls fluer.

Det hende dei fant slike giftige kulor, og kunde dei få kreturet til å svelja kula, so var det berga. Elles laut ein av etter ei klok kona, som kunde trolla og signa. Og var det ei dugande kona, so var snart sjukdomen yverstaden, men dugde ho ikkje,



var det helst dauden. Der er ei segn um ei ku som fekk Finnskot, og dei henta ei klok kona som sku driva sjukdomen ut. Kona kom, men ho vilde plent vera heilt áleina med kui. Tenestkaren, som nok var ein god ertekrok, fekk hug á sjá kva ho tok seg til og lære kunsti han og. Kraup han so upp på skukken og gøynde seg der utan at kona visste um det. Ho tok til á banka kui med tvo kjeppar på rygg og sidor alt med ho las på ein formular som enda slik: „Finnskot ut og aldri inn, ut og aldri inn!“ Då let det med grovt mål uppe frá skukken: „Finnskot inn og aldri ut!“ Signekjeringi vart so livande redd då ho hørde dette at ho rymde av garden fortast ho kunde. Koss det gjekk med kui seinare hev eg ikkje høyr. Hende det av og til at der kom finnar til gards, laut ein fara fint med dei, so dei ikkje vart sinna eller fekk grunn til á gjera vondt med nokon. Mindre vonda arta enn Finnskot var noko dei kalla *Modet*. Det kunde og folk plagast av, men det var no helst kretur som var verst farne. — Sjukdomen kunde koma når det hadde vore framande folk på garden. Fantar var dei fårlegaste når dei vart sinna eller misnøgde eller bar på vonde ynskje. Var då folk eller dyr nære nok, kom uhæma på dei. Dei vart sturne og huglause, miste mathugen og slarka fram og tilbars når dei gjekk og kunde lite rá seg. Var det dyr som hadde fått denne sjuka, so hjelpte det um ein drog eller velta dei att og fram på vegen der framandkaren hadde gjenge. Var det ikkje vegsynt etter mannen, måtte ein velta kreturet fleire stader til ein fann rette plassen. Hende det at grisen hadde fenge *modet* og eitpar håndfaste karar var ute med han, hørdest det vida ikring kva som var på ferde.

Ein mann i Byrkjedal hadde *modet*, er det fortalt. Han hadde vore til á erta ei fantekjering. Ho var frá Bykle i Setisdalen og var kjend for ustykki sine. Byrkjedalsmannem hadde liti tru på at ho kunde noko og erta henne som sagt. Men det sku han ikkje gjort. Ho fekk lura seg til á sputta i treskoen hans, og eit bil etterpå vart han so løgen. Han kunde ikkje rá med seg og tok til fylgja etter fantekjeringi kor ho gjekk. Då fanteflokken drog frá garden, fylgde mannen med. Folket tykte dette var forgale. Dei for etter og nådde fantane. So slo dei kjerringi so ho blødde, og då miste ho makti yver Byrkjedals-mannen. Han var dermed berga.



*Rehamen.*

Endå lyt eg nemna Rehamen. Det var og ei sykja som kunde koma både på folk og fe. Folk som fekk denne leielsen på seg, vart lengtesame og sturne, miste mathugen og gjekk med underlege tankar. Vart dei ikkje gode att, enda det gjerne med at dei gjorde eitkvart gale. Dyr kunde og verta kleine, men noko sers som vanta dei kunde ein ikkje finna. Ein hadde aldrig lukka med dei. Sjukdomen kunde koma på folk ved det at nokon var svert glade i dei eller ynskte vondt yver dei. Var det t. d. ei jenta som hadde mange friarar, so vart aldri den lukkeleg som tilslutt fekk henne. Einaste rådi var um ein kunde få greida på kven som hadde rehamen i den sjuke, og den sjuke kunde få ta han i handi. Då gjekk uhæma av. Soleis med dyri og. Kunde ein få greida på kven det var som var opphavet til rehamen, då laut ein få mannen på plassen og få han til å stryka yver hårhamen på kreturet. So var det berga. Men i det heile er det sjeldan ein hev lukka med å eiga ein ting som mange andre gjerne vilde ha.

*Østabø-Skarken.*

Det var ein rise som budde på Østabø øvst i dalen, han heitte Skark og munde vore ein overhendig stor kar. På Motland kan ein endå sjå far etter berfotte-foten hans, so tydeleg at både tær og alt syner ganske klårt. Dei kallar det risafaret den dag i dag. I Frafjorddalen budde der og ein rise, han heitte Frane. Skark og Frane var ein gong saman på Østabø. Kva som no orsaki kunde vera, anten det var skifte millom eigedomane eller det var kvinner dei fallt ut um, nok er det dei vart usamde, og Østabø-Skarken vart so sinna at han slo neven i ein stein so han klovna. Denne steinen kan ein sjå endå. Han står nede i dalen på sørsida av elvi trast fyrr ein kjem til Østabø-bøen. Han er overhendig høg, og kløyvd i tvo. Dei kallar han Skarka-steinen. Slike og andre segner kunde dei gamle fortelja mange av, og dei fortalde meistarleg mangein gong. Og i den måten dei fortalde på, den dâm og farge dei la yver segnene såg ein folkekarakter og tenkjemåte som i ein spegel.



*Troll-bjørnen og Mikkjel Mjåland-soga.*

Ei segn som hev livt til våre dagar, er um ein bjørn som herja so stygt i bygdene der inne. Han var forgjord, og då kunde det ikkje nytta å skjota på han med blykula eller prøva tyna han med noko slag kvasst. Det var ein farre som for kringum med ein bjørn som han synte fram for betaling. På vegen millom Sirdalen og Østabødalen skulde bjørnen ha slege mannen i hel og ete han upp. Sidan hadde han lært seg til å lukka upp dørene hjå folk og bryta inn og ta det han trong. Og blyg var han so visst ikkje. Han gjekk imot vinden so ingen sku kjenna teven av han, og so lurde han seg til gards og tok både smått og stort fe, og folk sansa det ikkje fyrr det var forseint. Ei nott stod det ei stor ota på Maudalstølen. Det var tidleg på sumaren. Støls-gjentone hadde nett lagt seg, og buskapen låg jorta utpå lega og hadde det godt i det gode veret. Med ein gong hørde dei eit grueleg belj. Det var bjørnen som hadde slege ei kviga som låg noko i utkanten av flokken. Men det var ei ku i laget, eit stort beist, ho heitte endå Gullrei. Ho hadde so uvanleg store og kvasse horn. Ho rende etter bjørnen og fekk rispa han i sida so han laut sleppa kviga. So vende han seg mot Gullrei, og dei heldt det gangande heile notti. Dei andre kyrne heldt seg i tett flokk bakkring Gullrei, og ho bruka dei kvasse horni so vel at bjørnen vart rispa både her og der. Då det tok til ljøsna, lunka bjørnen vekk; alle kyrne vart berga so nær som kviga. Ho hadde fått tranten avslegen. Støls-gjentone hadde lege inne vetskremde og høyrte på basketaket. Millom Motland og Mjåland er det eit stygt, svart djuv, Bjørnbåsdjuvet dei kallar. Dei heldt fyre at bjørnen hadde tilhald der. I dei tider livde det på Mjåland ei framifrå ven gjenta. Det gjekk ord av kor ven ho var, og ho var trulova med ein gut heitte Mikkjel. Brudlaupet deira stod på Mjåland. Det var ikkje køyreveg ned dalen den gongen, so dei laut rida til kyrkja. Slike brudefylgje var gilde å sjå, og det var mykje stas og mange skikkar med kjømeister og spelemenner.

Brureferdi vart mykje påakta og vart helsa på mange måtar når dei for framum gardane nedetter.

Det sku ha vore ein dag um våren at Mikkjel og den vene bruri hans drog til kyrkja. Eit stykke på vegen millum Mjåland



og Motland der ser dei bjørnen som fyrr er fortalt um. Det var mange spreke karar i laget og brudgommen ikkje minst, og so tek dei seg fyre å gjera manngar kring bjørnen. Dei vil klemma han inntil fjellet og prøva få ende på han. Brudgomen veit at det beit korkje bly eller stål på bamsen. Han fær ein sylvknapp av brurestasen, tygg han ihop til ei kula og skyt. Bjørnen sette i eit forferdeleg gaul, braut gjennom mannringen og gøymde seg i Bjørnbåsdjuvet. Fylgjet drog vidare og kom til kyrkja der brur-folket vart vigde, og so tok dei på heimvegen. Då dei for yver fjellet millom Gilja og Byrkjedal, stansa fylgjet ein stad dei kallar Idlekleiv. Bruri hadde ride eit stykke i fyrevegen, men stansa og stige av hesten og bida på dei andre. Dei sansa snart at bruri ikkje var i flokken og sku sjå etter henne. Eit stykke frå vegen fann dei henne på ei tuva — livlaus — og det vene håret hennar var avrive. Bjørnen hadde teke hemn.

Etter den tid var det ingen som korkje høyrde eller spurde noko til han. Brudgommen gifte seg ikkje uppatt. Han dreiv mykje med jakt og ferdast mykje i skogen og på heidi. Han var og ein klok mann og vel-lært, so folk tydde til han når det var noko. Vart det ugreida med skattane, eller juridiske flokar skulde greidast med, tok han gjerne på seg å reisa til skrivaren på Strand og bera fram det som folk vilde. Han var som ein hovding der i dalen. Han munde vore tidtgjengd på skrivargarden. Ein gong han kom ruslande, hermer dei etter skrivaren: „Gud ved hvad gamle Mikkjel Mjåland nu vil!“ Han var ein stor og tung mann. Då det leid på slutten med han, fortel dei at han tenkte på det at det vart nokk ikkje lett å få han til jordar når han no fall ifrå. Han vilde då rusla ned til Gilja og døy der. Men då han kom eit stykke på vegen, vilde ikkje beini bera, og so laut han snu. Han ende sine dagar på Mjåland. Og det gjekk som han hadde ottast. Det vart ei både lang og fårleg likferd. Det sette til med eit overhendeg uver, so det av og til gjekk reint på livet laust for dei som reiste med liket. Men dei kom då vel fram, og Mikkjel fekk kvileplassen sin i kristen jord som han hadde fortent. Det gjekk ord av den likferdi. Det varde på lag ei veka frå dei reiste heimanfrå til dei kom att. Mikkjel-namnet hev vore brukt i ætti heilt til vore dagar. Mikkjel sin trugne fylgjesvein på jakt-



ferdene hans var ein framifrå klok og flink hund. Når Mikkjel var lens for krut og hagl, so batt han berre jakthornet kring halsen på hunden og la skjelingar i. So strauk hunden til Stavanger til kjøbmannen som Mikkjel handla hjå, fekk det han skulde og kom so heimatt.

#### *Draugen.*

Uppe på Rokleivi kan ein i myrke netter høyra ferdi etter ein arming som ikkje fær fred i gravi. Der uppe er eit stort fjell som sturtar bratt ned i eit vatn. Det var ymse ugreidor med skiftet der. So var det ein mann ein gong som var av og reiv skiftesteinen upp og slengde han i vatnet. For dette er det at han ikkje fær fred. Folk som i stille kveldar ferdast frammed vatnet fær tidt høyra eit svært slups burtunder fjellet. Det er draugen som strevar med å få skiftesteinen på plass att. Men det vil aldri lukkast.

#### *Gloppedalsurdi.*

Frå Byrkjedal i Østabødalen gjeng det ein dal vestetter til Veen og Espeland i Bjerkrei. Det er Gloppedalen dei kallar. Her ligg det ei overhendig urd umlag midtvegs millom Byrkjedal og Veen. Denne Gloppedalsurdi er vel i sitt slag noko av det sværaste ein veit å nemna, og det er ikkje lett å segja kor vill og storlagd og ugotleg ho ser ut. Stend ein midt i urdi, so er det som eit hav av stein på alle kantar. Det er rådlaust for framande å koma igjenom dersom ein ikkje hev kjend mann med seg. Det er ikkje lenge sidan ein mann vilde syna karsleiken sin og tok i veg utan forar. Han vart gåande der i tri dagar. Då fann folk han, og då var han i trot og mest ihelsvolten.

Etter som gamle folk fortel skal ikkje urdi alltid ha lege der. Der det no er urd, var det ein gong ein ven og god gard, eigarmannen heitte endå Ola. I Gloppedalsvatnet som ligg tett med urdi, kann ein sjå steinane etter hustufti når det er klårt ver, segjer dei, for det er svært grundt. Det munde vore veldege fjellstykke som ramla ned den gongen garden vart nedgraven. Segni segjer at dei høyrde ein hane gala djupt nede i urdi tri år etter at ulukka hende.

*Sibyllas spådom.*

Skal ein tru spådomen, so er nok ikkje dette den siste ulukka som skal henda Dirdalsdalføret. Den gamle spåkvinna Sibylla hev spådd um det. Byrkjedal skal gå under på den måten at Skudenibbå — fjellet ved nordre enden av Byrkjedalslona — skal ramla ned og demma upp elvi so garden vert sett under vatn. Etter det gamle folk segjer hev nuten løyst seg ifrå det faste fjellet og sige ikkje so lite den siste menneskealderen. Sibyllas spådom er elles sett i vers og lyder så:

Østabø står  
og likaså det berømmelega Mjåland.  
Motland forsvinder og Byrkjedal forgår  
det skal dei Gilja få befinna  
Nødland goddag, Kjervoll farvel.  
Dirdal forgår med sin stas og sitt stell,  
men Østabø består som eit urokkeleg fjell.